

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

### Avrøysting

Innstillinga punkt 1-4 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 5 vart vedteke mot 8 røyster (FNB, FRP, H, KRF, UA)

### Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønsker en avgrenset prøveordning med både skjematisk og rullerande maksimalt tillat biomasse (RMTB) under føresetnad av at prøveordninga vert innretta slik at den ikkje fører til auka miljøbelastning eller redusert fiskevelferd.
2. Vestland fylkeskommune tilrår valet av makstak då denne ordninga legg opp til å redusere dei biologiske utfordringane.
3. Vestland fylkeskommune forventar at ordninga vert innretta slik at aktørar i heile landet kan delta uavhengig av farge på produksjonsområde og om verksemnda har fellesbiomassetak mellom produksjonsområda.
4. Vestland fylkeskommune krev at tildelingsaker etter akvakulturlova vert handsama av fylkeskommunane.
5. For å bidra til meir verdiskaping i Norge vil Vestland fylkeskommune rå til at berre oppdrettarar med avtale om foredling i Norge få delta i forsøksordninga tilsvarande det volum som går til foredling i Norge.